

Fylkesordføraren
Hordaland fylkeskommune
PB 7900
5020 Bergen

Hordaland fylkeskommune
09 MAR 2016



STIFTELSEN
DET NORSKE ARBORET
ARBORETET PÅ MILDE
Tilknyttet Universitetet i Bergen

Store Milde, 8. mars 2016
J.nr. 12/16/ARB/LHN, PHS

Framtidig samarbeid mellom Stiftelsen Det norsk arboret og Hordaland fylkeskommune

Me syner til brev frå Hordaland Fylkeskommune med avslag på vår søknad om driftsstønad av 18.02.2016 (dykker referanse: 2015/2147-262) og møte 1.03.2016 med varafylkevaraordførar Pål Kårbo og fylkesdirektør for kultur og idrett, Per Morten Ekerhovd om saka.

Som framlagt i møtet, finn me det beklageleg og skuffande at Hordaland Fylkeskommune etter godt samarbeid gjennom vel 44 år ikkje lengre finn det mogleg å stø Arboretet, med den grunngevinga at me vantar regional verdi som friluftsområde.

Samstundes ser me positivt på dei synspunkt som vert framsette frå HFK om å finna vidare og meir høvelege arenaer der Fylkeskommunen kan finna grunnlag for stønad til Arboretet sitt virke, og nyta dei kvalitetane og den kompetansen me kan by på. I det følgjande vil me kort nemne nokre område der me kan bidra.

Opplæring i botanikk og naturforståing.

Arboretet gir allereie tilbod som har som mål å opne augo og lera folk sjå dei mange detaljane kring seg. Dette gjeld på nivå frå elementære til meir avanserte omvisingar og kurs. Tema kan vera å verte kjend med variasjonen i ei særskild plantegruppe, som Rhododendron eller roser, eller det kan vera kurs om korleis kjenne att trea våre i sumar- og vinterdrakt. For dei yngre årsklassane er Naturstien me skipa til for nokre år sidan, stendig populær og mykje brukta av skuleborn og familiar på tur. Me har også hatt kurs med demonstrasjonar av botanisk latin, for å nemne nokre. Det meste av dette går føre seg utomhus med levande planter som læremiddel.

I mange år har me hatt skuleklassar på vitjing. I dei seinare åra har t.d. utstillinga "Julens botanikk" vore ein suksess. Me har no pågang frå lærarar som treng vidareutdanning i naturfag. Me gir til vanleg ei innføring om Arboretet si verksemder den første dagen, og så får dei ein fagdag ute i friluft i Arboretet. Me samarbeidar med Skulelaboratoriet for realfag ved Universitetet i Bergen om desse tiltaka. Om sumrane vert Arboretområdet dessutan flittig nyttta til kurs i biologi med hundretals studentar som skal verte kjende med alt som veks, kryp eller symjer på Milde.

Base for foreiningar med naturoppleving som hovudinteresse

Arboretet har eit utstrekkt samarbeid med lokale lag og foreiningar i Hordaland. Nokre av dei tek del i den daglege drifta med dugnad, som omvisarar eller som kursleiarar. Det gjeld først og fremst Arboretets vene med ca. 600, medlemmar, som er skipa nettopp som fylgje av ynskjet om å stø Arboretet og dei aktivitetane me driv. Foreininga bidreg med finansiell stønad til drifta og syter t.d. for at me er i stand til gje ut årsskriftet "Årringen". Aktivitetane og plantesamlingane i Arboretet har medverka til skipinga av m.a. Den norske Rhododendronforening og Avdeling Hordaland av Den norske Roseforening. Desse er både særsviktige for Arboretet. Ein viktig samarbeidspartner er òg det lokale songkoret "Kor e' vi", som driv kaféen i Blondevatnet i sesongen frå og med påske til ut

september. Utan denne ville turopplewinga i Arboretet, særleg for dei minste, vorte monaleg fattigare. Me har vidare eit særskilt godt samvirke med Hageselskapet Hordaland, Vestlandsavdelinga av Norsk botanisk forening og Sopp- og nyttevekstforeininga. Alle desse foreiningane nyttar tidvis Arboretet sine område, hagar og hus til sine aktivitetar og bidreg med utstillingar, kurs og på annan måte til å breie ut interessa for plantelivet, naturen og biomangfaldet. Endeleg kan nemnast at idrettslaget Gneist årleg set ut nye turorienteringspostar og held oppdaterte orienteringskart over området. Kvart år held me "Arboretets dag", der foreiningar og lag samlast og får vist seg fram.

Gartnarkompetanse og forvalting av planter i historiske hagar

Arboretet på Milde er ein populær plass å sökja praksisplass under utdanninga til gartnarar. Me har so langt råd freista å stetta etterspurnaden om dette, særleg frå Stend og Hjeltnes vgs., avdi me veit det vert meir og meir vanskeleg å oppdiva gode praksisplassar. I Arboretet får dei som kjem hit varierte og utfordrande oppgåver knytt til den daglege drifta. Me har og hatt vitjing frå elevar og lærarar ved tilsvarande skular i andre delar av landet, td. Vea vgs. Me har stort sett særskilt gode røynsler med denne ordninga, sjølv om ho krev at me kan settje av folk til å gi naudsynt innføring og oppfølgjing underveis. Fleire av elevane kjem att som søkerar til sumarjobbar i Arboretet, og me har inntrykk at ordninga godt kunne vore utvida.

I denne samanhengen vil me peike på vårt arbeid med historiske hagar og hageplanter, der me m.a. i ein årrekke og utan vederlag har vore konsulentar for HFK i dykker arbeid med å bygge hagen ved Stend hovudgard, som skal verta representasjonshus og -hage for Fylkeskommunen. Me har bidrege til utgreiingane med kunnskapar, og me har levert planar. Nett no har me soleis om lag 3000 buksbomplantar i oppaling i veksthuset til denne hagen, som me har avtale om å levera til ein svært lav kostnad til Fylkeskommunen. Plantene er dyrka fram frå ein av dei tre historiske kulturminnesortane av buksbom som er påviste i Gamlehagen på Store Milde, og vert for tida stelte av praktikantar fra Hjeltnes vgs, med rettleiing frå ein av våre faste gartnarar.

Stønadsbehov

I dei siste par åra har Arboretet gjennom målretta arbeid, greid å mobilisera private gjevarar til å stø oss med midlar i prosjektet "Krafttak 2015-2019". Prosjektet er eit samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd, og tek sikte på rehabilitering og vidare utvikling av dei anlegga me har for det breide publikum på Milde. For å halda ein standard som gjer oss i stand til å komme den aktiviteten som er skissert over i møte, og samstundes dra nytte av den positive stønaden frå private gjevarar, lag og foreiningar, er det turvande å halde oppe eigen drift. I Arboretet er det mange vegar og stigar som skal haldast vedlike med grøfting og grusing, og store område som skal haldast med slått, skogrydding, hogst og anna. Skilt, bosyrrar og vegvisarar skal haldast og nye settast ut når det trengst. Blondegården skal målast og haldast. I dette er Arboretet avhengig av ein sikker og forutseileg grunnfinansiering som set oss i stand til å leige inn den hjelpe som trengst og halda oss med mindre utstyr og driftsmiddel. Til dette har driftsstønaden frå HFK vore særskilt kjærkomen, sidan me har kunna lite på han.

Me vonar det for framtida skal verte mogleg å få til ei ordning slik at Fylkeskommunen kan finna grunnlag for langsiktig stønad til Arboretet sitt virke. Me ser fram til vidare kontakt om saka.

Venleg helsing


Lars Helge Nilsen

styreleiar


Per Harald Salvesen
direktør